# Velferdsteknologi i Alver kommune

| |
|---|
| Velferdsteknologi er tekniske hjelpemiddel og alarmar, som skal bidra til tryggleik, aktivitet og sjølvstende, og at du kan meistre kvardagen trass sjukdom og nedsett funksjonsevne |







## Døme på tilgjengeleg teknologi:

| | |
|---|---|
|    | **Tryggleiksalarm** med ulike sensorar som til dømes: Alarmknapp, fallsensor, røykvarslar, sengesensor, dørsensor, bevegelsessensor og fuktsensor |
|  | **Alarmknapp** som armband eller smykke :<br>Utløys alarmen ved å trykke på knappen. Du vil sjå eit raudt lys<br>Toler vatn. Kan vaskast med såpe og vatn. |
|  | **Elektronisk multidosedispensar**. Varsel når medisinen skal takast, og sender varsel dersom den ikkje er tatt<br>*krav om vedtak om medisinhandsaming |

| | |
|---|---|
|  | **Elektronisk pilledispensar:**<br>Pilly. Gir beskjed når tablettane skal tas. Sender sms viss ikkje tablettane er tatt ut innan gitt tid |
|  | **Røykvarslar** kopla til tryggleiksalarmen. Dei som svarar alarmen prøver først å komme i kontakt med deg, og ringer deretter brannvesenet.<br>Blir montert av brannvesenet. |
|  | **Mobil tryggleiksalarm med GPS**<br>Gjer tryggleik om du har behov for å tilkalle hjelp utomhus. Gjer at du kan blir funnen dersom du går det bort<br><br>Kjem også som klokke |
|  | **Sensor på dør**: gjer varsel om nokon går ut døra. Kan nyttast i valte tidsrom. |
|  | **Fallalarm**: Alarmsmykke som kan varsle ved fall (støt mot bakken) og viss du trykker på knappen. |
|  | Du får montert nøkkelboks slik at heimetenesta kan låse seg inn dersom du treng hjelp og ikkje kan opne sjølv. |

## Ved livstruande tilstander: ring 113

Heimetenesta svarar på alarmane frå ein app på vakt telefonen. Dei kontaktar deg for å avklare situasjonen. Om dei ikkje får kontakt via alarmboks eller telefon drar dei heim til deg på tilsyn.

Teknologien blir individuelt tilpassa etter dine behov.

**Kva kostar det?**
Eigenbetaling for tryggleiksalarm og Velferdsteknologi i 2024

| Inntekt | Pris pr mnd |
|---|---|
| Under 2G | 190,- |

| | |
|---|---|
| Over 2G | 390,- |

**Spørsmål?**

**Ring innbyggjarservice og spør etter Velferdsteknologi.**

**Tlf 56 37 50 00.**